

# ÅRSMELDING SOLA SENTERPARTI 2022

Senterpartiet i Sola har i året som er gått hatt 4 styremøte og har etter beste evne behandla innkomne saker og gjort det arbeidet det har vore behov for.. Elles har me vore samla i samband meg gruppemøtene. Det var godt å kunna begynna så smått å samlast igjen, og nå håpar me at me snart er tilbake der me var. Alle er velkommne til å vera med på gruppemøtene, jo fleire jo betre og kjekkare !

Medlemstalet ved nyttår 2022-23 var 62 medlemmer.

Sola SP hadde sitt årsmøte for 2021 den 14.02.2022 i kantina i Sola Rådhus. 10 stk møtte der dei vanlege årsmøtesakene vart gjennomgått og valg av Nominasjonskomite til kommune og fylkesvalget 2023. Her var Sigbjørn Ølberg valgt til leiar og med seg fekk han Leiv Arild Lie og Ruth Soma.

Valgkomiteen består av 3 stk, der hadde Bjarte 1 år igjen, Finn Hognestad 2 år igjen og Kristen Birkemo var valgt inn ny for 3 år.

Som årsmøteutsendingar til årsmøte i Rogaland SP 12-13 mars i Haugesund vart Sigbjørn Ølberg, Ruth Soma og Finn Hognestad valgt i tillegg til leder Geir Rune Stokkeland, som er sjølvskriven.

## STYRET HAR I DETTE ARBEIDSÅRET VORE :

Leder : Geir Rune Stokkeland

Nestleder : Jørund Ubøe Soma

Studieleder : Henning Røyneberg

Sekretær : Ruth Soma

Styremedlem : Alice R Helleberg

1 vara : Erik Haga

2. vara : Ingrid Gillestad Lie

Kasserar : Sigbjørn Ølberg

Gruppeleder : Arild Lie

Senterungdomskontakt har vore Henning Røyneberg og Senterkvinnekontakt Ruth Soma.

19.02.2022 var det «Bokn-samling» organisasjonssamling – men i Randaberg Arena. Her møtte Geir Rune Stokkeland, Henning Røyneberg og Ruth Soma.

12.05.2022 Vårsamling på Undheim der ein bil for avgårde m Bjarte Kristiansen, Arild Lie og Ruth Soma. Det var og haustmøte på Undheim men dette kolliderte m kommunale møte så dessverre ingen deltok då.

Den tradisjonelle Grillkvelden på Tveit Bygdahus med Sandnes SP som arrangør var 1. september. Ein gjeng frå Sola var på plass.

I oktober var det nominasjonsmøre for fylkestingslista på Scandic Forus, med samling etterpå for dei som kunne det. Her var Anne Beate Tvinnereim og politiske rådgivere frå justisdepartementet

Elles har arbeidet vore konsentrert om arbeidet i kommunestyre, formannskap og utvalg + budsjett og møje meir.

Tusen takk til alle som bidreg både her og der og står på ! 😊

Styret set elles veldig pris på henvendelsar og tilbakemeldingar og ynskjer mange gode forslag.

Sola, januar 2023

Sola Senterparti

-Ruth Soma-